

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato 01.11.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 7.9.22 - detaljreguleringssplan for Stad skipstunnel - næringsområde i Lestovika og utdjuping av Saltasundet - Stad kommune	
Til stades:	Gunnar Silden	Ordførar
	Astrid Fossheim Paulsen	Kommunalsjef kultur og samfunn
	Svein Arne Tennebø Fure	Einingsleiar plan og forvaltning
	Gry Otneim Leikanger	Stad kommune, fagleiar plan
	Hanne Marie Utvær	Stad kommune, rådgjevar strategi og samskaping
	Svein Otto Melheim	Stad Eigedomsutvikling KF
	Åse Birgitte Berstad	planleggar
	Heidi Sandvik	Statsforvaltaren
	Kaja Baukhol Olsen	Statsforvaltaren
	Bente Sande	Mattilsynet
	Siri Lillebø	Mattilsynet
	Oddvar Skrede	Statens Vegvesen
	Karoline Walsøe Egholm	Dir Min
	Turid Susort Jansen	Kystverket
	Eva Kathrine R. Taule	SUD-PKF Fagleiar kommunalplan
	Ingunn B. Skjerdal	SUD-PKF, koordinator planforum
	Rannveig Berge	SUD-PKF
	Berit Alise Høivik	KII - Kulturarv
	Berit Gjerland	KII – kulturarv
	Gunnhild Sande	INV – forvaltning Vestland
	John Anton Gladsø	INN – vassforvaltning
	Arve Helle	Politisk observatør
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 28
Møtetid:	07.09.22 KI 10-12	Møtestad: digitalt på Teams

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Rannveig Berge og Ingunn B. Skjerdal

Innleiing om regionalt planforum
Kort presentasjonsrunde

Orientering ved Hanne Marie Utvær,

av 5

Generelt om Stad kommune sine arealstrategiar, rolla som vertskommune for Stad skipstunnel og korleis kommunen ønskjer å nytte dette til å jobbe med ei heilskapleg utvikling av Selje, Moldefjorden og Kjøde.

Presentasjonen følgjer referatet som vedlegg.

Detaljreguleringsplan for Stad skipstunnel

- På vegne av Kystverket er det utarbeidd planinitiativ i samband med endring av gjeldande områdereguleringsplan for Stad skipstunnel. Det er meldt om oppstart av planarbeidet.
- Gjeldande områdereguleringsplan fra 2017
- Stad kommune teke initiativ til planendring, den skal utarbeidast som ny detaljregulering
- Endringane vil gjelde for plankart, nivå 2, på overflata, planområdet er utvida i høve den gjeldande områdeplanen, mellom anna for å regulere verneskog knytt til skredfare.
- Satt i gang eit overordna regionalt ringverknadsprosjekt
- Presenterte tema stadutvikling, landskap, bumiljø, reiseliv og næring, som dei ønska innspelet på.
- Ønskjer fleire bustadomter i Kjøde, ikkje i tråd med overordna plan kan løysast gjennom å sette av område til bustad eller som LNF-spreidd, (er LNF -spreidd tillate i detaljreguleringsplan?)
- Knapt med tid for å få vedtak på planen, vedtak er avgjerande for å få massar. Jobbar med å nå fristane til Kystverket.
- Klare ønskjer på kva kommunen vil- ønskjer avklaring for at det vert gjennomført (t.d bustadar i Kjøde)

VLFK: planhierarkiet er på plass og mykje er i samsvar med den overordna planen, det er eit bra utgangspunkt for å få detaljreguleringsplanen igjennom. Stad kommune har dårlig tid og treng breie diskusjonar som kan avklare planane slik at dei er lette å vedta.

Drøfting:

Statsforvaltar

Har sendt fråsegn i samband med oppstart av planarbeid, i fråsegna peikar dei på ein del utfordringar, mellom anna jordvern og strandsone.

Om ureining i Kaja Baukhol Olsen,

Statsforvaltaren har mottatt to søknadar frå Kystverket om løyve etter forureiningslova i samband med bygging av Stad skipstunnel: ein mudre-, dumpe- og utfyllingssøknad og ein søknad om utslepp frå mellombels anleggsverksemd. Mest aktuelt med tiltak i sjø.

Jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid skal normalt reknast som næringsavfall og disponerast i tråd med avfallsregelverket. All mudring og dumping frå skip krev løyve etter forureiningslova. Det er søkt om løyve til å dumpe alle massane frå Stad skipstunnel, men Kystverket ønskjer mest mogleg attvinning av massar.

Det er planlagt at Stad kommune skal ta i mot 4,5 mill m³ masse. Stad kommune har jobba og er i prosess for å få på plass planar slik at dei kan ta i mot massar. Kommunen jobbar med mål om å få vedteke planar i løpet av året.

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova til tiltak som vil vere i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova med mindre planmyndigheita samtykker. Statsforvaltaren kan setje vilkår om at løyvet etter forureiningslova ikkje kan takast i bruk før planmyndigheita har gjort vedtak etter plan- og bygningslova. Kommunen oppmodast om å ta kontakt dersom det er spørsmål.

Stad kommune:

Kommunen har laga masseforvaltningsplan, slik at det skal bli einighet om kven som får masser. Når ein ser realismen i prosjekt, vil det truleg vere behov for mindre massar enn først anteke. Vanylven og Kinn sit med gode prosjekt masseprosjekt. Reguleringsplanen bør helst vere vedteke ved årsskiftet 22/23. Kommunen brukar mykje ressurs for at det vert minst mogleg opphold i saksgangen hos administrasjonen. Oppstart av Stadskipstunnel er lagt opp til i 2024.

Planområdet er utvida noko, mellom anna til å omfatte verneskog for å sikre med tanke på skred. Kommunen ønskjer å regulere inn LNF- spreidd i detaljregulering, noko som ikkje er vanleg.

Bustad:

Kommunen vil knyte nye bustadar til dei eksisterande bustadane ved Kjøde som pr i dag ligg i LNF-område, er det mogleg å nytt LNF spreidd eller må det leggast inn som bustadområde?

Statsforvaltaren:

Det er utarbeidd ein rettleiar for spreidd utbygging

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/planlegging-for-spredd-bolig--fritids--og-naringsbebyggelse-i-landbruks--natur--frilufts--og-reindriftsområder-Infr-områder/id2696910/?ch=1>

Må tenkje på dei skjerpa krav til jordbruk, og at bustadane vil framstå som spreidd i landskapet. LNF- spreidd må arealavklarast som vanleg mot td. støy og landskap. Oppmodar kommunen om å sjekke om det er høve til å ta inn LNF- spreidd i detaljreguleringa utan at det er vidareføring frå overordna plan.

Kulturarv

Stad kommune: om det er mogleg at arkeologisk undersøking kan skyvast til byggesak?

VLFK, kultur:

Det vil vere mest hensiktsmessig å gjere undersøkingane på reguleringsplannivå. Da får ein sjekke det ut og vurdert korleis ein ev skal handtere kulturminne vidare. Det er mykje aktivitet for undersøking no, og mange planar er på vent. Det vil nok bli vanskeleg å få gjort noko arbeid for denne planen i år. Men mogleg å få til noko på seinvinteren, så sant det er snø og telefritt. Må få lagt dette området inn i køen. Berit Anna Gjerland sjekkar om det er mogleg å få til samla arkeologisk undersøkingar for fleire av reguleringsplanen i Stad kommune.

Detaljregulering for næringsområde på Lesto. Inkludert mudring og utdjuping av Saltasundet.

Innleiing frå kommunen:

- Planen vil legge til rette for ny flytebrygge, nødvendig infrastruktur og næringsbygningar på land ved Lestoneset. Avkøyring frå fylkesvegen til næringsområdet, den skal fungere som avkøyring i anleggsperioden. Sikring av skog som vern mot skred og eventuelle rassikringstiltak.
- Ønskeleg å etablere ein samanhengande tursti frå Selje sentrum via tunnelportalen i Moldefjorden, og vidare til Berstad med kopling til postvegen og pilegrimsvegen til Rimstaddalen og til Kongevegen.
- Området for mudring og utdjuping av Saltasundet er inkludert i detaljregulering for å knyte det til ein planprosess.

Drøfting:

Statsforvaltaren plan peika på følgjande punkt:

- Førekost av ålegraseng
- God landskapstilpassing er viktig
- Det må vere behov for areal til næring som grunngjeving for utfylling.
- Skredsikring på oppsida av veggen, det er forskjell på skog som sikringstiltak og verneskog. Verneskog er heimla i skogbrukslova og krev eigne prosessar. Dette er omtala i innspelet til oppstart av planarbeidet for Stad skipstunnel.
- Kartlegging av biologisk mangfold

Stad kommune:

av 5

Ikkje næringsareal i denne delen av gamle Selje kommune, er eit behov for det.

Statsforvaltaren, forureining: om mudring og utdjuping av Saltasundet;

- Undervasstøy og partikkelspreiing er viktige punkter.
- Biologisk nedslamming
- Undervasstøy er spesielt viktig når det er akvakulturanlegg i nærlieken
- Kystverket har søkt om løyve etter forureiningslova til mudring. Statsforvaltaren handsamar søknaden om løyve til mudring i Saltasundet, men kan ikkje gje løyve etter forureiningslova til tiltak som vil vere i strid med endelige planar etter plan- og bygningslova med mindre planmyndigheita samtykker. Dersom planmyndigheita samtykker, kan Statsforvaltaren gje løyve med vilkår om at løyvet etter forureiningslova ikkje kan takast i bruk før planmyndigheita har gjort vedtak etter plan- og bygningslova.

KU

VLFK, plan:

Planområdet ved Lesto er i tråd med overordna plan, ved Saltasundet er det ikkje i tråd med overordna plan. Begge to skal ha KU.

Kommunen:

KU for Lesto på overordna nivå viser store negative konsekvensar. Brukar det som grunnlag for KU på eit meir detaljert nivå. Vurderer det som hensiktsmessig å ha krav til KU både for Lesto og Saltasundet.

Kystverket:

Fått ei søknad om flytebrygge frå Lesto, er flytebrygga planlagt langt ut?

Kommunen: Flytebrygga skal ligge inne i vika.

Samferdsel:

VLFK, infrastruktur og veg:

Fylkeskommune ved infrastruktur og veg har hatt eige møte med Multiconsult og Kystverket. I Stad kommunen er Fv. 620 prioritert, i eit forprosjekt for utbetring av den vegen er det vurdert at det ikkje er behov for massar.

Kommunen:

Kystverket ved utbyggingsavdelinga har sagt at dei ønskjer å opning for å bruken vegen til transport av massar. Krav til å utvide planområdet til å omfatte krysset ved Eide. Alternativet er å frakte massane på lekter.

VLFK, infrastruktur og veg:

Angåande frakt av masser til Lesto, det vil gje belastning på vegen Dersom ein skal transportere massar på veg frå opning til Lesto vil det bli krav om utbetring av fylkesvegen, mest truleg som rekkefølgjekrav i planen.

Andre innspel:

VLFK, kultur:

Planområdet omfattar areal i sjø, så skal legge saka fram for Bergen Sjøfartsmuseet.

VLFK, vassforvaltning

Planen legg opp til utfylling i sjø. Grunne område er viktig for mange artar i sjøen. Kva effekt vil utfyllinga ha på sjølve Moldefjorden? Det skal vere god økologisk tilstand i Moldefjorden, jamfør vassforskrifta. Moldefjorden har ikkje god økologisk tilstand i dag, så tiltak må visast korleis det tek vare på tilstanden i fjorden. Minner om Regional vassforvaltning 2022- 2027 for Vestland vassregion som vart vedteke i mars 2022. Under kapitelet 1.1.3. er det gjeve retningslinjer for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta, kommunen oppmodast om å bruke dei.

VLFK plan:

Innspel til type næring på areal så vil det vere sjøtilknytt næring på sjøtilknytt areal. Syner til strandsonerettleiar for Vestland fylke:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/0e5bbcae4818457fb91e9d6e83651d29>

Kommunen:

Når det gjeld byggehøgder ønsker kommunen å bruke same prinsipp som dei har gjort i planen for Moldestad næringsområde.

Vil sende ut oppstart av reguleringsplanen for Lesto dei neste dagane.

Vedlegg

1 Presentasjon regionalt planforum 07.09.2022